Volda kommune

# Prosessnotat, kommuneplanen sin arealdel

Møte i Regionalt planforum24.10.2018

## Innleiing

Volda kommune helt på med revisjon av kommuneplanen sin arealdel og har bedt om eit møte med Regionalt planforum for å orientere om prosessen og få tidlege innspel. Dette dokumentet innehelder noko om status for revisjonen, ein kort omtale av prosessen, oversikt arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument, og litt om vidare prosess og framdriftsplan.

## Innhald


Innleiing ....1

Status for planarbeidet....1

Organisering og prosess ....2

Oversikt arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument ....4

Plandokument ....11

Spørsmål til diskusjon....15


## Status for planarbeidet

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken av Volda kommunestyre 26.05.16. Planprogrammet for arealdelen vart fastsett av Volda kommunestyre 15.12.16. Sidan den gang har det vore arbeidd med ei rekke utgreiingar, kartleggingar og grunnlagsdokument. Kommunen har samla innspel til endra arealbruk og gjennomført ei rekke tema- og arbeidsmøte. Prosjektgruppa held på med sluttføring av plandokumenta (planomtale, konsekvensanalyse, plankart mv). Målet er å ha klart eit høyringsutkast i løpet av november. Kommunen sender difor ikkje over noko ferdig høyringsutkast, men ynskjer innspel på «det vi har der vi er».

## Organisering og prosess




Figuren over er henta frå planprogrammet og viser organiseringa av prosessen.

*Prosjektgruppa:*

Planleggar ved Sektor for utvikling har rolla som prosjektleiar. Prosjektgruppa har ansvar for den praktiske gjennomføringa av arbeidet og utarbeidar framlegg til plan. Prosjektgruppa består av:

- Regine S. Aklestad, prosjektleiar, planleggar
- Heidi Istad, planleggar (prosjektleiar sommar 2016 – sommar 2017)
- Per Heltne, planleggar
- Torgeir Stensø, planleggar
- Asbjørn Moltudal, rådgjevar i rådmannen sin stab
- Berit Sandvik Skeide, planleggar

*Administrativ arbeidsgruppe:*

- Rådmannen si leiargruppe (møter med alle sektorleiarane i kommunen). Informasjon og diskusjon knytt til ulike tema.
- Planmøter: Informasjon og diskusjon, innspel og kommentarar. På planmøta deltek planleggarar, byggesak, barne- og ungerepresentanten, kommuneoverlegen, teknisk sektor, folkehelsekoordinator og rådgjevar i rådmannen sin stab.
- Interne arbeidsmøter med ulike sektorar (teknisk, landbruk m.fl.). M.a. knytt til kvalitetssikring av konsekvensutgreiing og formulering av føresegner.

*Politisk rådslagingsgruppe (formannskapet):*

Formannskapet har vore nytta som politisk rådslagingsgruppe og har fått høve til å kome med innspel og råd undervegs i prosessen. Arealdelen har jamleg vore tema på møter i formannskapet, og ein stor del av arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokumenta har vore handsama politisk. Tabellen på side 4 og utover seier noko om kva dokument som har vore handsama politisk. Andre utvalte hendingar:

- Arbeidsmøte del 1 (Formannskapet 30.10.17), m.a. med tema: teknisk infrastruktur, barnetrakk, grønstruktur, kulturminneplan, kjerneområde landbruk, næringsareal og senterstruktur.
- Arbeidsmøte del 2 (Formannskapet 28.11.17) med tema «Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting» og «Senterstruktur og funksjonsfordeling».
- Foredrag med Michael Fuller Gee 01.03.18 (orienteringssak kommunestyret, næringsliv, studentar, administrasjon m.fl. var også invitert) Tema: «Korleis kan helsefremmande arealplanlegging bidra til attraktivitet i Volda?»
- Temamøte «Senterstruktur og funksjonsfordeling» 14.03.18. Kommunestyret deltok. Næringsliv, grunneigarar, studentar, administrasjon, eldsjelar m.fl. var også invitert. Innlegg ulike tema frå ulike synspunkt, gruppediskusjonar til slutt.
- Arbeidsdokument knytt til KU, føresegner og planomtale har vore sendt ut som orienteringssak til formannskapet ved fleire høve hausten 2018.
- 27.09.18: Orientering for kommunestyret. Arbeidsutkast til planomtale, KU og føresegner sendt ut, som grunnlag for vidare arbeid i partigruppene.

Det har i tillegg til administrative og politiske møter vore nytta ei rekkje medverknadsmetodar for å samle innspel og kunnskap til planen:

- Opne møter på bygdene, samarbeid med grendelaga.
- To «opne kontordagar».
- Fleire temamøte med næringslivet, både opne møter med mange inviterte og mindre møter med spesielt inviterte knytt til bestemte tema, t.d. havbruk, massedeponi og handel.
- Informasjon om arbeidet på kommunen si heimeside, Facebook og Twitter.

- Publikum har vore oppmoda til å kome med innspel til planen og framlegg til ny arealbruk, m.a. gjennom annonse i avisa, artikkel på heimesida og i samband med ulike møte.
- I samband med rullering av samfunnsdelen hadde kommunen ein brei medverknadsprosess, og involverte mange av innbyggjarane i kommunen på ulike måtar. Mange av innspela som kom inn i dette arbeidet gjekk også på arealbruk. Prosjektgruppa har som mål at føringar i samfunnsdelen skal fylgjast opp i arealdelen, og at dei to dokumenta skal knytast godt i hop. Medverknadsprosessane som vart gjennomført i samband med samfunnsdelen, har difor også vore førande for arealdelen.

I tillegg til lista over har ein i denne prosessen nytta ei rekkje ulike medverknadsmetodar, knytt til arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokumenta. Tabellane side 4 og utover seier kort noko om medverknadsmetodane knytt til dei ulike dokumenta.

## Oversikt arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel har det vore utarbeid ei rekke arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument. Desse dokumenta er viktige kunnskaps- og grunnlagsdokument for utarbeiding av arealdelen, og har vore nytta m.a. som kunnskaps- og vurderingsgrunnlag i konsekvensutgreiinga, og som førande for utarbeiding av føresegnene.

Tabellen under seier kort noko om kva dei ulike dokumenta inneheld, opplegg for medverknad og politisk handsaming. Dokument merka med grønt er ferdige, dokument merka med raudt er under arbeid.

Kommunen held på med å skifte heimeside i desse dagar. Etter 16. oktober skal dokumenta vere tilgjengelege på denne lenka: https://volda.kommune.no/tenester/bygg-eigedom-og-plan/kommuneplan/kommuneplanen-sin-arealdel-2018-2030/ Siden heimesida ikkje er oppe å gå i skrivande stund legg vi ved ei anna lenke til enkelte av dokumenta i siste kolonne.

| Nr. | Dokumentnamn | Kort om innhald | Opplegg for medverknad | Politisk handsaming | Lenke til dokument |
|---|---|---|---|---|---|
| **Grunnlagsdokument** | | | | | |
| 1 | Kommuneplanen sin samfunnsdel | | | 26.05.16: Vedtak kommunestyret | https://indd.adobe.com/view/13a6f827-0fa0-445d-9409-b68bdfca320a |
| 2 | Planprogram for kommuneplanen sin | Gjer rede for føremålet for planarbeidet, prosessen og | Planprogrammet vart sendt ut på høyring og offentleg | 15.12.2016: planprogrammet vart | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Ab97f |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | arealdel | opplegg for medverknad. Inneheld m.a. hovudmål, arealstrategiar og behov for utgreiingar, kartleggingar m.v. | ettersyn. I høyringsperioden vart det gjennomført m.a. folkemøter, temamøter og opne kontordagar. | fastsatt av Volda kommunestyre | abf6-876f-4f1a-ad1d-95e36f4c7843 |
| | | | | | |
| **Sentrumsutvikling og senterstruktur** | | | | | |
| 3 | Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda | Forslag til senterstruktur, inndeling av Volda sentrum i tre sentrumssoner og forslag til fordeling av handels- og andre viktige funksjoner mellom sentra i kommunen. | Prosjektgruppa, Formannskapet, temamøte i Volda næringsforum. | 12.12.18: Vedteken i Formannskapet. | https://indd.adobe.com/view/0ec317a6-24b9-4af0-9769-db465705ccb8 |
| 4 | Bygningsmiljø og estetisk rettleiar | Gjennomgang verdifulle bygningsmiljø i Volda sentrum. Retningsliner og rutinar for utvikling. | Prosjektgruppe med representantar frå administrasjonen, Møre og Romsdal fylkeskommune og lokalhistorikarar. Prosjektgruppa til kulturminneplanen har også vore involvert. Nytta Facebook og sosiale media for å få tak i informasjon. Har vore ute på høyring. | 05.12.17: Forvaltningsstyret sendte dokumentet ut på høyring.<br>12.12.17: Formannskapet sendte dokumentet ut på høyring.<br>06.03.18: Handsaming Forvaltningsstyret<br>13.03.18: Handsaming Formannskapet<br>22.03.2018: Handsaming kommunestyret<br>17.04.18: Handsaming Formannskapet<br>26.04.2018: Vedtak kommunestyret | https://indd.adobe.com/view/b93d6f93-27da-49c8-bbef-e8dc04cc2113 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Busetting** | | | | | |
| 5 | Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum | Analyse av bustadbehov, kartlegging av unytta bustadareal, forslag til fortetting i dei tre sentrumssonene. | Prosjektgruppa, Formannskapet, temamøte i Volda næringsforum. | 16.01.18: Vedtak i Formannskapet. | https://indd.adobe.com/view/b1158a77-d834-427c-800f-263e55e3c47b |
| 6 | Hovudplan vatn og avløp | Gjennomgang av eksisterande situasjon innan vatn og avløp. Tiltak og handlingsplan for framtidig aktivitet. | Prosjektgruppe med teknisk og konsulentfirma. | 30.10.2017: Formannskapet sende dokumentet ut til høyring.<br>22.03.2018: Vedtak i kommunestyret. | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A89a08f4c-9cda-44f7-a52f-0981c0cfa0ac |
| 7 | Rettleiar for leike- og aktivitetsområde | Framlegg til føresegner knytt til leike- og aktivitetsområde. | Prosjektgruppe med planleggarar og barne- og ungerepresentant. Møte med eigedomsavdelinga – drift. Inkluderer erfaringar frå prosjektet «Kartlegging av uteområde ved skular og barnehagar i Volda», inkludert medverknad med barnehage- og skulebarn. Prosjekt gjennomført saman med Høgskulen i Volda, haust 2017. | 05.06.18: Formannskapet sendte dokumentet ut på høyring. | https://indd.adobe.com/view/dd3780f5-86e5-4bde-90c5-b2315af8c363 |
| 8 | Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda | Oversikt plassering og standard kvartalsleikeplassar. Framlegg til nye areal. | Prosjektgruppa. | 05.06.18: Orientering i formannskapet | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A807a8f7f-e242-436d-ab86-281ace462c1c |
| 9 | Gjennomgang eksisterande | | Prosjektgruppa | | Internt arbeidsdokument |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | reguleringsplanar ang. leikeplassar | | | | |
| **Offentlege og allmenne formål** | | | | | |
| 10 | Behovsanalyse offentleg og privat tenesteyting | Gjennomgang av arealbehov knytt til arealformål «offentleg og privat tenesteyting». Oversikt innspel og fagleg tilråding til endringar i arealbruk. | Innhenting av uttale frå, og møte med:<br>-oopvekst og opplæring (skule og barnehage)<br>-kyrkjeleg fellesråd<br>-Helseforetaket<br>-Høgskulen<br>-helse og omsorg (innspel bustadsosial handlingsplan)<br>Arbeidsmøter med rådmannen si leiargruppe. | 19.06.2018: Orientering i formannskapet. | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Ac3201c90-73f0-4f6c-993f-e2063ad0cfd2 |
| 11 | Klimaendringar i arealplan | Gjennomgang av utfordringar når det gjeld klimatilpassing med forslag til føresegner og retningslinjer. | Prosjektgruppa | 19.06.2018: Orientering i formannskapet. | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Ace63eef9-c348-4925-986e-3592b3a57e9b |
| 12 | Bustadsosial handlingsplan 2017–2020 | Handlingsplan for bustadsosialt arbeid i Volda kommune | Sektor for Helse og omsorg ansvar for planen, tverrfagleg prosjektgruppe, m.a. med representant frå sektor for utvikling (v/planleggar). Har vore sendt ut på høyring. | 25.01.2018: Vedtak i kommunestyret | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A46a3a8c4-d048-477e-a4b6-a682cf961b2d |
| **Fritidsbusetnad, setrar og naust** | | | | | |
| 13 | Verdifulle setremiljø | Registrering og gjennomgang av verdifulle sætremiljø i | Prosjektgruppa | 19.06.2018: Orientering i formannskapet. | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A986 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | kommunen. Framlegg til retningsliner.<br>Vedlegg: Oversikt setrar i Volda: Gjennomgang av alle områda markert som sæter-/stølsområde i gjeldande kommuneplan. Framlegg til nye arealformål. | | | ab7dc-e494-470d-bd12-70b9aa1eff67 |
| 14 | Arbeidsnotat fritidsbusetnad | Gjennomgang planstatus for tema fritidsbusetnad. Gjennomgang innkomne innspel knytt til fritidsbusetnad. | Prosjektgruppa | | Internt arbeidsdokument. |
| 15 | Arbeidsnotat naust | Framlegg til arealbruk. | Prosjektgruppa | | Internt arbeidsdokument. |
| 16 | Arbeidsnotat sjø og vassdrag | Gjennomgang av innspel, gjeldande planstatus og forslag til endra arealbruk med vurdering av behov for omsynssoner m.v. | Prosjektgruppa | | Internt arbeidsdokument. |
| **Landbruk og næringsliv** | | | | | |
| 17 | Kjerneområde landbruk | Registrering og prioritering av viktige produksjonsareal i jordbruket og landbrukets kulturlandskap. | Landbruksavdelinga, sektor for Utvikling, planmøte. Representantar frå faglaga i landbruksnæringa; representantar frå bonde- og småbrukarlaget, og bondelaga i kommunen. | 24.10.17: Forvaltningsstyret sendte dokumentet ut på høyring.<br>06.02.18: Vedtak i forvaltningsutvalet | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A2cd48778-c972-4290-9ac4-4d39d7eb3373 |
| 18 | Arbeidsnotat havbruk | Framlegg til arealbruk | Temamøte med havbruksnæringa. | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Transport og kommunikasjon** | | | | | |
| 19 | Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda | Utarbeida av Statens vegvesen, 2010 | Statens vegvesen, Ørsta kommune, Volda kommune. | | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A53dfe680-c241-46fd-b75f-400ee9523db9 |
| 20 | Arbeidsnotat kollektiv, sykkel og elbil | Statistikk, kunnskapsgrunnlag. Behovsvurdering. Innspel til arealdelen. Framlegg føresegner. | Arbeidsnotat prosjektgruppa + teknisk sektor | | https://indd.adobe.com/view/f6fa750e-1fca-4be3-8754-aa1405920809 |
| 21 | Barnetrakk Volda hausten 2017 | Dokumentasjon arealbruk og ferdsel. Innspel til gang- og sykkelvegar. Innspel til trafikktryggingsplanen. | 116 skuleelevar frå tre skular har vore med i kartlegginga. Digitalisering i samarbeid med studentar frå Høgskulen. | 12.12.17: Orientering i formannskapet<br>17.01.18: Orientering i ungdomsrådet. | https://indd.adobe.com/view/6b7ff2ba-8c92-488e-a79a-ad67f62e049c |
| 22 | Barnetrakk Vikebygda skule vår 2018 | Dokumentasjon arealbruk og ferdsel. Innspel til gang- og sykkelvegar. Innspel til trafikktryggingsplanen. | 17 elevar frå 4. trinn på Vikebygda skule var på kartlegginga. Elevane har fått rapporten presentert i etterkant. | 05.06.2018: Orientering i Formannskapet | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Abf4a72d9-3568-436a-991a-a4773165ce67 |
| 23 | Kartlegging av snarvegar i Volda | Oversikt snarvegar som nyttast av born og unge i Volda. | Data henta frå Barnetrakk – 133 skulelevar. | 05.06.2018: Orientering i Formannskapet | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A4b0d3b9a-66d8-4952-be89-a4739f03ead8 |
| **Grønstruktur, friluftsliv og kultur** | | | | | |
| 24 | Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i Volda kommune | Kartlegging av nærturterreng, leike- og rekreasjonsområde, turvegar og andre viktige friluftslivsområde i heile kommunen. Verdisetjing av alle områda. | Oppretta prosjektgruppe med representantar frå administrasjonen + friluftsforening. Temamøte med grendalaga i kommunen. Kontakt med resurspersonar i | | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Aa17e3f51-6f4a-45e7-9116-9b6804fcf4cb |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | dei einskilde områda. Har vore ute på høyring. | | |
| 25 | Arbeidsnotat friluftsliv | Vurdering av ulike friluftslivsområde og aktuelle satsingsområde. Framlegg til ny arealbruk. | Prosjektgruppa for kommuneplanen sin arealdel | | Internt arbeidsdokument. |
| 26 | Strandsonekartlegging | GIS-analyse som gir kunnskap om topografisk tilgjengeleg strandsone utan menneskeleg påverknad. «Kvalitetsvurdering» av utvalde delar av strandsona. | Prosjektgruppa + FSK | Skal handsamast politisk. | |
| 27 | Kommunedelplan for kulturminne | Samla lokal oversikt over kulturminne i heile kommunen. | Prosjektgruppe med representantar frå kommunen, lokale lag- og organisasjonar og ressurspersonar. Prosjektgruppa vart leia av sektor for Kultur og service. Møteverksemd og informasjon i dei ulike bygdene. Eiga Facebookgruppe. | 14.11.17: Formannskapet sendte dokumentet ut på høyring.<br>27.02.18: Handsaming Formannskapet<br>01.03.18: Vedtak kommunestyret | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Ac197d74b-bd5a-43c8-80c1-082b5b687268 |

## Plandokument

Prosjektgruppa ser for seg fylgjande struktur for planen:

Dokument:

- (Vedtak kommunestyret)
- Planomtale
  
  Vedlegg:
  - ROS-analyse
  - Konsekvensutgreiing
  - Innspel og merknader
- Plankart
- Føresegner
- Temaplaner
- Temakart
  - Grønstruktur
  - Landbruk
  - Naturfare
  - Kulturminne, -miljø og landskap
  - Infrastruktur
  - Sjøområde og marin næring
  - Fritidsbusetnad, setrar og naust
  - Senterstruktur

| **Dokumentnamn** | **Status** | **Politisk handsaming** | **Lenke til dokument** |
|---|---|---|---|
| Planomtale arbeidsutkast 12.10.18 | Planomtalen er ikkje ferdig utarbeidd, og det vert sendt over eit arbeidsutkast. | Arbeidsutkast er sendt ut til formannskap + kommunestyret | https://indd.adobe.com/view/20fbae6d-ca2f-4977-8441-c49ff4fe5062 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| ROS-analyse med vedlegg:<br>- Naturfare<br>- Sårbare objekt 1<br>- Sårbare objekt 2<br>- Verksemdsrisiko<br>- ROS-vurdering av innspel | Oppdatert ROS-analyse er under arbeid, skal leggast fram politisk saman med utkast til plan. | 07.06.17: Fyrste utgåve handsama av Formannskapet. | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A45e3b8c2-8266-49ec-bafc-c68481d21c64<br>Temakart A – Naturfarer:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A6e38a113-2289-4fed-b4e1-da671a532a89<br>Temakart B og C – Sårbare objekt:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Ac644717d-783f-4bf9-afec-ef7cf1eabd01<br>Temakart D: Verksemdrisiko:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A545351dd-8588-47b1-8473-2bd84cd0a66b<br>ROS-vurdering av innspel:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A7a48bbd8-325b-4b58-9c9e-08767155fac1 |
| Konsekvensutgreiing - metode | | | https://indd.adobe.com/view/6f512661-55ed-42c9-b492-8e98560e0503 |
| Konsekvensutgreiing – liste vurderte innspel pr. 15.10.2018 | | | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Acf43a10d-0b65-4f26-b8a9-2f86641bf299 |
| Konsekvensutgreiing arbeidsutkast 15.10.18 | Konsekvensanalysen er ikkje ferdig utarbeidd, og det vert sendt over eit arbeidsutkast. Arbeidsutkastet inneheld KU til fylgjande formål:<br>• Bustadareal<br>• Forretningar<br>• Fritids- og turistformål<br>• Fritidsbustadar og naust<br>• Grav og urnelund<br>• Kombinert byggje- og anleggsformål | Skal leggast fram politisk saman med utkast til plan. Arbeidsutkast til KU er sendt og presentert for kommunestyret 27.09.18 og formannskapet 16.10.18 | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A841e4c0e-d978-447f-8747-b9acd54e1614 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | • Næringsverksemd<br>• Offentleg og privat tenesteyting<br>• Råstoffutvinning<br>• Sentrumsformål<br>• Spreidde bustader i LNF<br><br>Arbeidsutkast til KU for formåla akvakultur, andre typar bygningar og anlegg, idrettsanlegg, småbåthamn, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er ikkje ferdige enda. Administrasjonen held på med kvalitetssikring av konsekvensutgreiinga, og ein er ikkje ferdig med å vurdere den samla verknaden av planen. Ein kan framleis vente forandringar frå administrasjonen si side. | | |
| Plankart arbeidsutkast 15.10.18 | Plankartet viser administrasjonen sitt arbeidsutkast til noverande og framtidig arealbruk. Kartet er eit arbeidsutkast og ein kan framleis vente forandringar. | Arbeidsutkast er sendt ut til formannskap + kommunestyret | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A7e74e158-11c1-4e43-960b-2e8f86b7476e |
| Temaplanar | | Er tidlegare sendt ut til formannskapet. | Faresone flaum, utkast:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A1c6e27e6-d8db-42a9-b974-903dfad7ebce<br>Faresone skred, utkast:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Ad97abbf8-40b0-483d-9a95-999c3e3b3166<br>Omsynssone bandlegging, utkast:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Adec84502-4e30-45b6-bb8a-156931e93a94<br>Omsynssone Radon, utkast: |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Aa380efe9-27d1-4711-8bd1-228469cb09f4<br>Omsynssone landbruk, friluftsliv og grøntstruktur, utkast:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A4e34c3f4-cb8f-4b76-97d7-70468bd14a6d<br>Omsynssoner landskap, natur- og kulturmiljø, utkast:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A6fdec276-f150-4631-b5c5-707df6d7bcba<br>Sikringssoner, utkast:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Adcc89456-612a-4312-a1c6-733e39e33c19<br>Støysoner, utkast:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Af7a70f40-b50f-494e-92af-1e6ad937792f |
| Temakart | Temakarta er ikkje ferdige, det vert sendt ut arbeidsutkast til eit tema. | | Temakart grønstruktur og friluftsliv, utkast:<br>https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3Ac2622ad9-8316-4631-86b6-1be32f69b91e |
| Føresegner arbeidsutkast 15.10.18 | Føresegnene er ikkje ferdig utarbeidd, og det vert sendt over eit arbeidsutkast.<br>Kap. 2 – generelle føresegner og kap. 6 – retningsliner for handsaming av frådelings- og byggjesaker er meir gjennomarbeid enn andre kapittel. | Arbeidsutkast til kapittel 1 og 2 er sendt ut til formannskap + kommunestyret | https://documentcloud.adobe.com/link/track?uri=urn%3Aaaid%3Ascds%3AUS%3A0cf4cac6-e976-43a6-8e7f-82a1d0b9569a |

## Spørsmål til diskusjon

På møtet i regionalt planforum 24.10.2018 ynskjer prosjektgruppa å presentere og fortelje kort om prosessen og dei ulike plandokumenta. Vi har notert fylgjande spørsmål/tema som vi kan ynskje oss tilbakemelding/kommentarar på:

- generelle føresegner - ok? Fått med det som er viktig?
- KU: metode og gjennomføring
- planomtale, struktur (samla verknader, arealstrategiar..) ok måte å gjere dette på?
- synspunkt på vår konklusjon til framlegg om ny arealbruk? (Bustadområde, areal til forretning, sentrumsformål, næringsareal - med fokus på Volda sentrum - Mork-Furene).
- ting vi ikkje har med? Manglar? Noko vi børe leggje meir vekt på?
- kor detaljert skal/bør føresegner knytt til arealformåla vere? T.d. knytt til fritidsbustader.
- eksisterande planar, oppheve planar? Korleis gjer andre kommunar dette?
- omsynssoner og forholdet til planar som framleis skal gjelde? Gjeld omsynssonene da? Skal omsynssonene vise på plankartet i desse områda?